



Gunnar Molland  
Damsgårdsveien 33  
5058 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/2828 - 18/35776

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:  
28.11.2018


## Førebels svar trong for tilleggsopplysning - gbnr 141/67 Kvamme nedre

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad .  
Vi beklager lang sakshandsaming i Dykkar sak.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.  
Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Vi treng litt meir informasjon om kva bygg det vert søkt om. Det går fram av søknad at det skal oppførast eit bygg på tomta i samsvar med føremålet.



For at vi skal kunne handsame søknad om dispensasjon i frå byggjegrænse mot sjø treng vi informasjon om kva dimensjonar bygget har. Kva vert bygd areal (BYA) og møne- og gesimshøgde. Samstundes treng vi informasjon om plassering av bygg i kartet, og her er det naudsynt å føre på minste avstand i frå veg og minste avstand i frå sjø.

2. Søknad gjeld også for bryggje. Vi treng informasjon om storleik på bryggja, og det er naudsynt å syne denne på kartet.



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **19.12.2018**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

#### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

#### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Mottakarar:**

Gunnar Molland

Damsgårdsveien 5058  
33

BERGEN